

**Møtestad:** Førde

**Deltakarar:** Hildegunn R. Gjelsvik, Jorunn Sundal, Inge Masdal.

**Fråfall:** Knut P. Bøyum, Olaf Skjerdal og Asbjørn Eikerol

**Styresaker:**

1. Honorar til Laila Sundal Sivertsen
2. Orienteringssaker

### Honorar til Laila Sundal Sivertsen

Styret diskuterte løns- og tilsetjingsforhold til Laila Sundal Sivertsen som har ansvar for å føre rekneskapen til SOFUL. Det vart bestemt at SOFUL har arbeidsgjevaransvar og at løn, inkl. feriepengar vert utbetalt som honorar, fastsett etter tinging mellom styre og Sundal Sivertsen kvart år. Honoraret skal utbetalast ved årsslutt.

### Orienteringssaker

- Christoffer orienterte om arbeid med koronastøtte til lokallag og eigarar av organisasjonseigde kulturhus (HiB)
  - Det er ny frist 15. januar for fjerde runde i kompensasjonsordninga retta mot frivillige lag og organisasjonar. Christoffer vil sende ut informasjon i desember om ordninga.
- Christoffer er i kontakt med NU om konsertturné i Sogn og Fjordane. NU har prosjekt om å setje saman ungdomshus som søker kulturrådet om konsertstøtte (med hjelp frå NU). Førabels har Undredal og Fjærland UL meldt sin interesse. Gratis workshop er planlagt ca. 15. januar. SOFUL vil arbeide for at fleire lag vert med. Christoffer vil ta kontakt med aktuelle lag.
- Hogne Bleie, styremedlem i FRP-Vestland tok kontakt med HiB om det var mogleg å endre reglane for koronastøtte til samvirkeregistrerte kulturhus. HiB skreiv ein oppmoding om endring av regelverket som vart sendt til familie- og kulturkomiteen og representantar frå stortingsbenken i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Bleie tok òg kontakt med representantar frå ulike parti. Saka vart tatt opp i spørjetimen. NRK har òg laga radioinnslag og nettsak om dette.
- Lenke til nettsak: <https://www.nrk.no/vestland/kulturhus-ma-stenga--far-ikkje-hjelpe-dei-treng-1.15241713>
- Det er sendt innspel til partia sine valprogram (perioden 2021-2024) om endring av mva. kompensasjon og spelemiddeltilskot til kulturhus
- Tilskot frå Vestland fylke til SOFUL og HiB. Christoffer orienterte om søknadar og tilskot. Det er m.a. gitt 100 000,- til drift av HiB.
- Christoffer hadde møte med Pål Fidjestøl i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om gåvemidlane. Ordninga blir vidareført, på om lag same nivå som 2019, kan bli noko justering av kompensasjon for arbeid og midlar til mindre bygningsmessige tiltak. Sparebankstiftinga er generelt veldig tilfreds med samarbeidet

Referent

11.12.2020

Christoffer Knagenhjelm  
Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

**Vedlegg:**

- Avtale om honorar med Laila Sundal Sivertsen
- Oppmoding om auka økonomisk støtte til organisasjonseigde kulturhus i valprogrammet
- Oppmoding om endring av reglar for koronastøtte til samvirkeregistrerte hus

